



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Norges forskningsråd
Postboks 564
1327 LYSAKER

Dykkar ref

Vår ref
19/5463-12

Dato
25. januar 2021

Tildelingsbrev til Noregs Forskningsråd 2021

1. Innleiing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gir i dette tildelingsbrevet styringssignal og tildeler midlar til Noregs forskningsråd (Forskningsrådet) for 2021. Vi viser til Prop. 1 S (2020–2021) og budsjettvedtak nr 303 av 15. desember 2021 og budsjettvedtak nr 455 av 12. desember 2021 i Stortinget. KMD viser også til tildelingsbrev til Forskningsrådet frå Kunnskapsdepartementet (KD) som etatsstyrande departement.

2. Mål, strategiske område og styringsinformasjon for Noregs forskningsråd

Regjeringa har fastsett følgjande fem mål for verksemda til Forskningsrådet:

- Mål 1: Auka vitskapleg kvalitet
- Mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet
- Mål 3: Møte store samfunnsutfordringar
- Mål 4: Eit velfungerande forskningssystem
- Mål 5: God rådgjeving

Vi viser til KD sitt tildelingsbrev som etatsstyrar for nærare omtale av mål, strategiske område og styringsinformasjon.

2.1 Sektorpolitiske prioriteringar frå KMD

Tildelingane frå KMD til Forskningsrådet skal i særleg grad medverke til måloppnåing under mål 2 Auka verdiskaping i næringslivet og mål 3 Møte store samfunnsutfordringar.

KMD legg spesielt vekt på breie tverrgåande satsingar på departementet sine ansvarsområde, slik at spørsmål om demokrati, lokalt demokrati og lokalt sjølvstyre, statleg styring av kommunane, styrings- og samarbeidsformer i offentleg sektor, ekom,

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Administrasjonsavdelinga

Saksbehandlar
Anny Skarstein
22 24 49 12

digitalisering og innovasjon, bustadspørsmål, bygningspolitiske spørsmål og planleggings-, utbyggings- og utviklingsspørsmål blir sett i ein samanheng.

KMD er opptatt av forskning som medverkar til vekstkraftig næringsliv, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt.

Departementet vil medverke til at fleire bedrifter brukar forskning i innovasjonsarbeidet sitt, at fleire fagmiljø i FoU-institusjonane blir relevante samarbeidspartnarar for næringslivet, og at samanhengen mellom regional og nasjonal innsats for forskingsbasert innovasjon blir styrka.

2.2 Styringsinformasjon

Når det gjeld omtale av styringsinformasjon for dei fem måla, viser vi til Kunnskapsdepartementet sitt tildelingsbrev som etatstyrar, punkt 3 Mål, strategiske områder og styringsinformasjon for Noregs forskingsråd.

Styringsinformasjon for dei sektorpolitiske prioriteringane går fram i struktur og forventningar til rapporteringa i vedlegg til årsrapporten (departementsvise rapportar). Vi viser til punkt 5 Rapportering for 2021 i dette tildelingsbrevet for presisering av kva sektorpolitiske prioriteringar KMD ventar at Forskingsrådet skal rapportere på.

3. Budsjettdelingar og fullmakter for 2021

KMD stiller i 2021 totalt 287,392 mill. kroner til disposisjon for Forskingsrådet. Dette er noko mindre enn det som går fram av budsjettvedtaket i Stortinget. Skilnaden er gjort greie for under omtalen av VAM på kap. 500, post 50.

3.1. Forskingsprogram, kap 500, post 50 og kap. 541, post 50.

KMD stiller totalt 41,053 mill. kroner over kap. 500, post 50 Forskingsprogram og 167,189 mill. kroner over kap 541, post 50 til disposisjon til ulike forskingsprogram.

Som ein eittårig reduksjon, blir det i 2021 trekt ut 15,2 mill. kroner på kap. 500, post 50 og 24 mill. kroner. på kap. 541, post 50 for å få ned Forskingsrådet sine avsetjingar. Den eittårige reduksjonen skal ikkje føre til redusert aktivitet, og Forskingsrådet skal halde fram med å lyse ut midlar i tråd med planane, der ikkje anna er bestemt.

Midlar tildelt Forskingsrådet over kap. 500, post 50 og kap. 541, post 50 skal i hovudsak ta i vare det breie sektoransvaret for forskning, med særleg vekt på anvend eller bruksretta forskning. Midlane skal medverke til langsiktig kompetanse- og kunnskapsoppbygging innanfor ansvarsområda til KMD. Vi viser til omtale av samfunnsutfordringar innan KMD sine sektorar i Prop. 1 S (2020–2021) for KMD. Samfunnsutfordringar på KMDs ansvarsområde er også gjort greie for i *KMDs forsknings- og utviklingsstrategi (2015–2020)*, som gjeld inntil vidare.

Fordeling av midlar på forskingsprogram

Tabell 1 – kap. 500, post 50

Program/satsingar	Budsjett [tall i tusen]
DEMOS	28 703
FORKOMMUNE	3 100
JPI Urbant Europa	2 800
SAMISK	3 500
SAMKUL	2 950
VAM	0
SUM	41 053

Den eittårige reduksjonen for å redusere avsetjingane på 15,-2 mill. kroner. på denne posten er fordelt på programma DEMOS (-9,2 mill. kroner), VAM (-4 mill. kroner) og FORKOMMUNE (-2 mill. kroner), etter ei samla vurdering av storleiken på programma og avsetjingar frå tidlegare år. Som det går fram av omtalen over, skal denne reduksjonen ikkje føre til redusert aktivitet.

DEMOS skal medverke til å utvikle kunnskapsgrunnlaget for demokratisk og effektiv styring, planlegging og forvaltning. Prosjekta rettar seg mot offentleg sektor. DEMOS skal vere relevant og nyttig for dei som fattar vedtak og andre brukarar, og for offentleg debatt. Vidare skal DEMOS utvikle kunnskapsgrunnlaget for innovasjon i offentleg sektor. Programmet skal skape fruktbare møteplassar og finansiere forskingssamarbeid på tvers av fag og forskingsmiljø, slik at relevante tema og problemstillingar blir breitt opplyst.

Av tildelinga til DEMOS er 2 mill. kroner øymerka vidareføring av satsinga på regionaløkonomiske modellar i DEMOS-programmet.

Forskringsrådet er også, innan ramma av DEMOS, tildelt ansvaret for forvaltning av valforskringsprogrammet, jf. brev av 10. februar 2015 for Stortingsvalundersøkinga og brev av 18. april 2018 for Lokaldemokratiundersøkinga (lokalvalundersøkinga).

Det er til saman stilt 8,4 mill. kroner årleg til rådvelde til prosjekt under DEMOS knytt særskilt til forsking innanfor planfeltet fram til og med 2024. I samråd med Forskringsrådet har departementet konkludert med at midlane til ny planforskning blir lyst ut under søknadstypen "Kompetanse- og samarbeidsprosjekter (KSP)". KMD har tett og god dialog med administrasjonen i Forskringsrådet om oppfølginga, tilrettelegging for vidare arbeid, og om formidling av funn og resultat. Vi viser elles til KMD sitt tilleggsbrev til Forskringsrådet av 20. februar 2019 om vilkår og ønskje knytt til planforskinga under DEMOS.

Det er viktig for KMD at tematikken i DEMOS får tilstrekkeleg prioritet, og at tildelingane til forskinga er i tråd med formålet for programmet og den årlege tildelinga frå departementet.

FORKOMMUNE skal medverke til innovasjon i kommunesektoren gjennom å utvikle ny kunnskap, og å syte for ei betre kopling mellom kommunesektor, forskingsmiljø og andre kunnskapsaktørar.

Norsk deltaking i JPI Urbant Europa vart styrka med 1 mill. kroner fom. 2019, og vil halde fram på same nivå til og med 2024. Under Horisont Europa vil arbeidet i JPI Urbant Europa bli integrert i det nye urbane partnerskapet Driving Urban Transitions i løpet av 2021 og 2022. KMD legg til grunn at Forskingsrådet følgjer opp arbeidet i dette partnerskapet med dedikerte ressursar, og at midlane som er avsett til JPI Urbant Europa, gradvis blir nytta inn i dette partnerskapet. Forskingsrådet blir også bede om å vidareføre det finansielle bidraget i eit samarbeid med andre nordiske land, til å styrke sekretariatsarbeidet (Management Board) for partnerskapet.

Det er sett av 2,95 mill. kroner til SAMKUL. Midlane skal finansiere forskning som gjeld nasjonale minoritetar. Tildelinga til prosjektet gjeld til og med 2021. Vidareføring vil bli vurdert i løpet av året.

Føremålet med KMD sitt engasjement i velferdsprogrammet VAM har vore å integrere bustad i velferdsforskninga. Departementet har ønska forskning som i større grad ser bustadsosiale spørsmål i samanheng med andre velferdsfelt, som for eksempel arbeid, utdanning og helse. Som varsla på styringsmøtet med NFR 30. august 2020, planlegg KMD å trekkje seg ut av VAM og lyse ut eit senter for forskning om bustad og velferd. I 2021 er difor løyvinga sett til 0. Avsetningar i Forskingsrådet kan dekkje ev. tildelingar til bustadprosjekt i pågåande utlysingar med frist i februar 2021. Avhengig av vidare prosess med etablering av nytt forskingssenter, og resultatet av utlysingane i Forskingsrådet, kan KMD i tillegg gjere ei vurdering av ei ev. mindre tillegsløyving i 2021, utan vidareføring for seinare år. Behovet for ev. utbetalingar avheng av søknadene som kjem inn til Forskingsrådet i februar 2021. Midla som ev. blir tildelte skal ikkje gje nye forpliktingar i åra etter 2021, då departementet legg opp til at det ikkje skal løyvast middel til VAM etter 2021.

Tabell 2 – kap. 541, post 50

Program	Budsjett [tall i tusen]
IKTPLUSS	121 691
CRNA	12 500
Simula@UiB	5 194
SIMULA - Grunnløyving	21 272
SAMRISK II	1 065
EDOS	5 467
Sum	167 189

IKTPLUSS har fått ein eittårig reduksjon på 24 mill. kroner. for å redusere avsetjingane. Som det går fram av omtalen i innleiinga til 3.1, skal denne reduksjonen ikkje føre til redusert aktivitet.

IKTPLUSS skal møte utviklinga mot eit stadig meir digitalisert samfunn, og særleg medverke til å møte store samfunnsutfordringar og auka verdiskaping i næringslivet. For 2021 legg

KMD opp til tilsvarande fokus som for 2020. For målet om auka verdiskaping i næringslivet, skal Forskringsrådet mellom anna utløyse forskingsbasert innovasjon som gir auka konkurranseevne i næringslivet, styrke evna til omstilling i norsk økonomi, og betre samspelet og kunnskapsoverføringa mellom FoU-miljø og næringsliv. Med omsyn til omstilling i norsk økonomi, omfattar det også forskning som ikkje nødvendigvis har direkte nytte i dagens marknad.

Den digitale utviklinga påverkar i dag nær sagt alle offentlege tenester, og medverkar til en betydeleg digital transformasjon. Det er viktig at IKTPLUSS møter denne utviklinga og utviklar kunnskap om korleis vi framover vel å løyse offentlege oppgåver meir generelt. Auka digitalisering aukar igjen behovet for forskning og innovasjon innanfor digital sikkerheit og utviklinga av ein tryggleikskultur i både private og offentlege verksemder. Det er viktig at Forskringsrådet er merksam på utviklinga av og transformasjonen mot ein datadriven økonomi, og utfordringar knytt til å gjere seg nytte av store datamengder i eit forskings- og innovasjonsperspektiv. Moderniseringa av offentleg sektor ved auka digitalisering synleggjer også behovet for fleire Ph.d.-prosjekter knytt til digitalisering og IKT.

Med omsyn til ekom-området under IKTPLUSS, er det viktig at innbyggjarar og næringsliv har tilgang til moderne, robuste og trygge elektroniske kommunikasjonstenester. Det er difor viktig å utvikle kunnskap om effektiv utnytting av infrastruktur, auka tryggleik og avanserte ekomtenester i Noreg. Innsatsen skal gå til område der norske miljø kan hevde seg kunnskapsmessig og kommersielt, som kan gjere netta tryggare og meir robuste, og der det kan gje eit godt grunnlag for vidare politikk- og regelverksutforming.

SIMULA-senteret si grunnløyving, finansiering av Robuste nettsenteret (CRNA) og finansiering av Simula UiB blir vidareført på om lag same nivå i 2021. CRNA skal vidareutvikle senterets sensornettverk, og særleg forske på problemstillingar knytt til samfunnssikkerheit, neste generasjons mobilnett (5G), Internett of Things, kjernenett og nasjonal autonomi. KMD ber Noregs forskingsråd fortsette å administrere tildelinga og følge opp senteret på vegne av KMD. Også løyvinga til SAMRISK II blir vidareført på om lag same nivå som i 2020.

Simula starta i 2020 opp eit forskingsprogram om Effektiv Digitalisering av Offentlig Sektor (EDOS). Det blei i den anledninga oppretta eit forskningssenter med mål om å framskaffe og spreie kunnskap om korleis offentleg sektor kan lykkast betre med å unngå kostnadsoverskridingar og sikre gevinstar av digitaliseringsinvesteringar. KMD ber Noregs forskingsråd om å fortsette å administrere tildelinga og følge opp senteret på vegne av KMD.

3.2. Vekstkraftig næringsliv, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt, kap 553 post 74

KMD stiller totalt 79,150 mill. kroner til disposisjon for Forskringsrådet under programkategori 13.50, kap. 553, post 74- Klynger og innovasjon. Tildelinga er ein del av den næringsretta innsatsen i regional- og distriktpolitikken. Innsatsen til Forskringsrådet skal finansiere forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION). Målet er å styrkje næringsmiljø i og omstillingsevna til regionane. Det vert ikkje stilt krav til medfinansiering frå fylkeskommunane. Programmet for FORREGION frå 2017 gjeld for 2021. Her er mål, delmål, aktuelle aktivitetar og resultatindikatorar skrive ned. Vi viser til dei kriteria for måloppnåing og

for tildeling av midlar som gjeld for ordninga (Prop. 1 S (2020-2021) Kommunal- og moderniseringsdepartementet). Mobiliseringsprosjekt innanfor FORREGION vil frå 2021 følgje fylkesstrukturen, slik at kvar fylkeskommune får ei økonomisk ramme til mobiliseringsprosjekt.

KMD er opptatt av å få fleire kvinnelege entreprenørar og fleire kvinner inn i leiing og styre. Departementet har som ambisjon at minst 40 prosent av dei direkte bedriftsretta verkemidla innan FORREGION skal nå fram til verksemder med kvinneleg leiar eller eigar.

Regionalt partnerskap og regionreform

Fylkeskommunen har ei sentral rolle som regional samfunnsutviklar. I forvaltinga av FORREGION er KMD opptatt av at Forskingsrådet samarbeider med fylkeskommunane, Innovasjon Norge og Siva om dei regionale måla og strategiar for næringsutvikling. Eit konstruktivt samarbeid vil medverke til at ein kan nå måla for regional- og distriktspolitikken på ein god måte. Samarbeidet skal medverke til ei avklart arbeidsdeling mellom verkemiddelaktørane, og ein god regional infrastruktur for innovasjon.

Regjeringa gjennomfører ein områdegjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet. Fylkeskommunane og verkemiddelaktørane har vore involvert i arbeidet, gjennom innspelsmøte, bilaterale møte og skriftlege innspel til underlagsrapporten, som er utarbeidd av selskapa Deloitte og Menon Economics. Regjeringa har behandla områdegjennomgangen si tilråding om å flytte fleire næringspolitiske oppgåver til fylkeskommunane. Regjeringa vil overføre Mobiliseringsdelen av FORREGION-programmet til fylkeskommunane, som skal sjåast i samanheng med regionale forskingsfond (RFF). I tillegg vil oppdragsgjevaransvaret for FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Noreg (Mabit), overførast til fylkeskommunane Troms og Finnmark og Nordland. Regjeringa legg opp til at overføringa blir gjennomført frå 1. januar 2022, og vil legge fram forslag om oppgaveoverføringa i statsbudsjettet for 2022. Departementet ber Forskingsrådet samarbeide med relevante departement og fylkeskommunane om overføring av desse oppgåvene.

3.3 Disponering og utbetaling av midlar

Dei midlane KMD stiller til disposisjon for Forskingsrådet skal utnyttast effektivt og målretta. Tildelingar som er stilt til rådvelde og ordningar som blir forvalta på vegne av staten, skal disponerast i samsvar med økonomiregelverket i staten og i tråd med statsstøtteregelverket. Forskingsrådet får fullmakt til å endre på fordelinga av midlar mellom program og verkemiddel innanfor løyvinga på ein post, så lenge måloppnåinga blir sikra på lengre sikt. Grunnar til ei endring av fordelinga kan vere ei forsinka programstart eller dårleg søking til ein bestemt utlysing.

Avvik frå spesifikke føringar i tildelingsbrevet skal alltid takast opp med KMD. Behov for vesentlege endringar i bruken av midlar skal også takast opp med KMD.

Midlane blir utbetalt i to like delar i januar og august.

4. Felles post for verksemdskostnader

Verksemdskostnadene over KD sitt kap. 285, post 55 skal dekke alle kostnader til drift av verksemda til Forskingsrådet, dvs. alle kostnader som ikkje er FoU-midlar som skal fordelast vidare. Unntaket er nasjonale fag-, tema- og institusjonsevalueringar som framleis vil bli finansiert gjennom FoU-midlane frå det enkelte departement.

Finansiering av forskning, overordna forskingspolitisk og sektorpolitisk rådgjeving skal vere dei oppgåvene som framleis skal ha høgast prioritet, jf. Forskingsrådet sine vedtekter. KMD viser til tildelingsbrev frå KD som etatsstyrar for nærare framstilling av kva tenester Forskingsrådet skal ivareta for departementa innan ramma av midlane på posten for verksemdskostnader.

5. Rapportering

KMD ber om rapportering på dei sektorpolitiske prioriteringane som følgjer av omtalen av fordelinga under kap. 500, post 50, kap. 541, post 50 og kap. 553, post 74, slik det er utdjupa i punkt 2.1. i dette tildelingsbrevet.

Dei mest sentrale kriteria for måloppnåing for kap. 553, post 74 (FORREGION) er auka tal på bedrifter som samarbeider med forskingsmiljø, styrka regional forskingskapasitet for næringslivet sine behov og at innsats for forskingsbasert innovasjon nasjonalt og regionale forsterkar og utfyller kvarandre.

Rapportering på bruk av midlane skal skje i tråd med struktur og forventningar til innhald i årsrapport for dei respektive rapporteringane til departementa. KMD ber om tydeleg rapportering på geografisk spreiding av forskingsmidlane på våre område, jf. m.a. kap. 553, post 74.

6. Planlagde styringsmøte

Det er lagt opp til skriftleg styringsdialog for KMD sine tildelingar våren 2021. Denne dialogen vil vere konsentrert om Forskingsrådet si måloppnåing, med utgangspunkt i rapporteringa frå Forskingsrådet til KMD i årsrapport 2020.

Departementet vil gjennomføre eit styringsmøte hausten 2021 konsentrert om forslag til budsjett, utkast til tildelingsbrev og annan viktig informasjon i tråd med ønskje frå Forskingsrådet.

Med helsing

Hanne Finstad (e.f.)
avdelingsdirektør

Anny Skarstein
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Kunnskapsdepartementet

Riksrevisjonen